

# Jostedalsbreen nasjonalpark

Foto: Kenneth Magersnes



Jostedalsbreen  
nasjonalpark

**Kart og informasjon**  
Velkommen inn i  
Noregs nasjonalparkar

# Velkommen til Jostedalsbreen

Jostedalsbreen er den største isbreen på det europeiske fastlandet, og den største kvite flekken du ser på norgeskartet. Den er omgjeve av eit mektig landskap med store kontrastar innan korte avstandar.

Jostedalsbreen nasjonalpark ligg på Vestlandet, mellom fjord og fjell i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Du kjem kanskje over Strynefjellet eller Sognefjellet, eller kryssar Sognefjorden på veg frå Oslo eller Bergen før du ser blåisen trone mellom fjelltoppane.

Jostedalsbreen er rett nok den største, men ikkje den einaste breen her. Isbrear utgjer om lag halvparten av arealet i nasjonalparken, som elles kjenneteiknast av frodige dalar, sprudlande elver og isgrønt brevatn. Dette er eit av dei største attverande villmarksområda i Sør-Noreg, med få tekniske inngrep. Med store høgdeskilnader følger også geologisk variasjon og stort mangfald av plantar og dyreliv.

Jostedalsbreen byr på stillheit og stjernehimel, samstundes som det aldri blir heilt stille frå isen – den lever sitt eige liv, er i stadig rørsle, beveg seg og sprekk opp. I dei grønne og frodige stølsdalane har beitedyra forma landskapet i mange generasjonar, og på varme sommardagar byr liene nedunder breen på fuglesong, summande insekt og blomeprakt.

Dette spektakulære landskapet lokka til seg dei første utanlandske turistane

og fjellsportsentusiastane til Noreg så langt tilbake som siste halvdel av 1800-talet. I dag er brearmane frå Jostedalsbreen av dei mest besøkte reisemåla i Noreg, og meir enn 250 000 menneske kjem til Briksdalsbreen åleine kvart år.

Å sjå den blå isen og få vite korleis landskapet blir forma av is, stein og vatn gjev deg kjensle av å være liten i det store biletet. På det store breplatået stikk spisse fjelltoppar, nunatakar, opp. Lodalskåpa, også kalla Vestlandsdronninga, er den høgste. Den ragar heile 2083 moh.

Rundt nasjonalparken er det godt tilrettelagt med parkeringsplassar, informasjon og moglegheit for overnatting. Profesjonelle aktørar byr på mange spanande utflukter, eller du kan utforske dei mange stiane opp dei bratte liane kring breen på eiga hand. Nasjonalparken er for alle.

Dei tre besøksstentera kring nasjonalparken har lærerike utstillingar der du kan få gode råd og inspirasjon. Og hugs at bygdene under breen ofte er attraksjonar i seg sjølve, med natur og kulturminne som er vel verde å utforske.



Foto: Eric J. Ryan / Veri media

Om sommaren kan du vandre på blåisen og fleire profesjonelle firma tilbyr turar for både små og store ved fleire av brearmene, som her på Nigardsbreen.



Foto: Vegard Aasen / Veri Media

Langedalen er ein klassisk breutforma dal med ei smaragdgrøn breelv, full av knust steinmjøl som breen har skura laus.

# Opplevingar

Å spenne på seg stegjarn og kjenne på breisen er noko heilt eige. Nasjonalparken er også fin å utforske med ski på beina. Eller vil du heller rusle ein tur inn ein frodig stølsdal og nyte stilla?

## Brevandring

Om sommaren kan du vandre på blåisen, og ei rekkje profesjonelle firma tilbyr turar for både små og store ved fleire av brearmane. Utan naudsynt kunnskap og breutstyr er ferdslar på bre farleg. På kartet ser du fleire stader der du kan gå på tur med breførar, og oppdatert oversikt over tilgjengelege brear samt vanskegrad finn du ved å følgje QR-kode i kartforklaringa.

Nigardsbreen, Haugabreen, Austerdalsbreen og Tunsbergdalsbreen er alle lett tilgjengelege brear. På Nigardsbreen er det dessutan mogleg å ta med ungane på blåistur. Denne korte turen passar perfekt for foreldre med spreke ungar som gjerne vil gå på utforsningsferd.

## Besøkscenter

Nasjonalparken har heile tre besøkscenter der du kan sjå, oppleve og lære meir om natur, klima og lokalsamfunn. Dei tre sentera utfyller kvarandre, og er alle vel verdt eit besøk. Kvifor er breisen blå? Er Jostedalsbreen ein rest etter istida? Korleis oppstår

snøskred? Dette og mykje meir får du svar på hjå besøkssentera våre. Her får du inspirerande filmar, morosame opplevingar for vaksne og barn og ny kunnskap om brear, klima og samanhengane i naturen. Og gode vafalar! Dei tre sentera er merkte på kartsida i brosjyren.

## Fot- og skiturar

Det finst mange enkle fotturar innover dalane der ein får flott utsyn mot dei kjende brefalla. Til dømes er det godt tilrettelagt inn Brikdsdalen, Bøyadalen, Kjenndalen, Bergsetdalen og inn mot Austerdalsbreen.

Vårskitur på Jostedalsbreen, «Josten på langs», gir opplevingar langs heile høgdegradienten frå den grønne og frodige dalbotnen til det kvite breplatået. Her kan du oppleve villmarka og alle dei fire årstidene på ein og same tur, og verkeleg få meistringskjensle!

Stien opp til Skålabu og Skålatårnet krev innsats i form av syre i låra, men du får ei spektakulær påskjøning på toppen med utsikt over store delar av nasjonalparken.



Turen til Skåla er og kjend som Noregs lengste motbakke.



Det er spennande terreng for små føter i dei frodige dalbotnane, og fleire stiar er tilrettelagt med klopper og trygge bruer over breelvane.

# Plante- og dyreliv

Frå isbreane og ned til dei frodige dalbotnane i nasjonalparken er det store skilnader i temperatur og nedbør. Dette gjev mange ulike økosystem, som igjen gjev eit rikt og variert plante- og dyreliv.

## Fuglar

For fugleinteresserte har området mykje å by på – så ta med kamera og kikkert. Kongeørn og havørn er ikkje uvanleg å sjå rundt Jostedalsbreen, og i gode smånagarår hekkar fjellvåk og tårnfalk fleire stader i området. I dei bratte skogliene i dalføra inn mot breen finn vi fleire truga og sjeldne fuglearter som til dømes kvitryggspett. Er du heldig kan du høyre og sjå den vakre blåstrupehannen med sitt blå og oransje bryst i eit vierkratt. Han er ein glimrande songar, og kan herme etter både mobiltelefonar og andre fuglar.

## Dyreliv

Høgtliggande område i nasjonalparken og breane har naturleg nok eit sparsamt dyreliv, men både lemen og rype er vanlege artar. Høgt til fjells kan ein òg vere heldig å råke på ein villreinflokk. Hugs at reinen er sky dyr som lett blir uroa av menneske, så far varsamt og nyt synet på avstand. Hjort er det mykje av

i området, den trivst godt i dei bratte dalsidene kring Jostedalsbreen. Med ujamne mellomrom kjem også bjørnen på vitjing austfrå, og jerven nyttar ofte breplatået som ferdsselsåre.

## Planteliv

Vegetasjonen i nasjonalparken er prega av variasjonar grunna dei store høgdeskilnadane og påverknaden frå breane. I dalbotnane finn du flaummarksskogar, medan 1500 meter høgare veks alpin vegetasjon som issoleie og greplyng. Heilt til topps finn vi grønt liv, der issoleia kan bruke mange år på å utvikle frø. På våren er kronblada kvite, men ut over i sesongen blir dei vakkert purpurraude.

Framfor Bretungene i låglandet set pionerplanter som raudsildre og brearve farge på det grå landskapet. Plantene si naturlege innvandring når breen trekkjer seg tilbake i dalane er ein viktig grunn for vernet som nasjonalpark.



Foto: Vegard Aasen / Veri Media

Hjorten er talrik i dalane kring breen, her framfor Bøyabreen, ein av dei mest kjende og vitja brearmene til Jostedalbreen.



Foto: Rommy Solheim

Steinskvetten trivst i ope og steinete terreng som det er mykje av rundt Jostedalbreen.




Foto: Marthe Gjerde

Isssoleia er den av karplantane våre som veks høgast opp i fjellet.




Foto: Rommy Solheim

I dei yrande dalane kring breen set både insekt og plantar fargar på tilværet, her ei humle på fjellsmelle.

# Landskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark ser du korleis landet blir bygd, dag for dag. Isbreen skurer og slit som eit sandpapir på berggrunnen, formar landskapet og set spor på underleg vis.

## Isens arbeid

U-forma dalar, morener, blankskura fjellsider, breelvesletter, rasmarker og urer – i uminnelege tider har is og vatn forma eit landskap i stadig endring.

Jostedalsbreen er ein platåbre, eller kåpebre, som dekkjer eit fjellområde, og sender brearmar ned til alle kantar. Nær 30 av desse er namngitt.

Breane er alltid i rørsle, som ei seig elv av is. Idet breen bevegar seg nedover, vert toppen av isen oppsprukken og syner fram den eldre blåisen. Kan hende er blåisen du ser på fronten av breen over tusen år gammal.


## Morener

Når breane rykker fram eller har periodar med «stillstand» kan dei leggje att store mengder lausmassar som markerte ryggar i terrenget – såkalla randmorener.

Desse «augneblikkbileta», som syner kor langt ut breen strakk seg tidlegare, kan gi spennande turterreng å vandre i for dei som fyrst har fått auga opp for landskapet rundt seg. Di nærare breen ein går, di yngre er moreneryggane. Kanskje har du med deg små detektivar på tur som kan spore breen si tilbaketrekking oppover dalen?

## Vatn i fri flyt

Alle stader i nasjonalparken ser du små, sildrande bekker, høge fossefall og buldrande elvar. Har du lurt på kvifor brevatna er smaragdgrøne? Sandkorn og grus som fryst fast i botnen av isbreane skurar som eit sandpapir på berggrunnen. Det finkorna «steinmjølet» som vert danna, vert spylt vekk av smeltevatnet og hamnar i breelva og i brevatna, og til slutt i fjorden. Dette finkorna mjølet, kalla silt og leire, reflekterer sollyset slik at brevatna og fjordane får ein vakker, smaragdgrøn farge.



Elveløpa framfor breen kallast gjerne fletteelver då dei stadig skiftar løp og flettar seg inn i kvarandre.



# Velkommen inn, ta vare på naturen

Velkommen på tur i nasjonalparken! Her er det rom for mange om vi tek omsyn til folk og dyr rundt oss. Nasjonalparkane er det beste av norsk natur. Vernet bidreg til å ta godt vare på landskapet og mangfaldet av dyr og planter. Slik kan vi fortsette å samle gode turminne også i framtida.

**Allemannsretten.** Du kan gå der du vil på beina og på ski. Følg gjerne merkt sti i nasjonalparken. Pausen din kan du ta kvar som helst. Slå opp teltet der du vil så lenge du er over 150 meter frå hus eller hytter der det bur folk. I nasjonalparken kan du plukke bær, sopp og vanlege planter til eige bruk. Omsynet til vegetasjon og dyreliv er viktig, særleg i hekke- og yngletida.

**Kulturminne** som tufter og fangstgraver er freda, så la stein frå gamle murar liggje.

**Søppel.** Hugs å rydde opp etter deg og ta med deg søpla heim.

**Bål kan du tenne** mellom 15. september og 15. april og resten av året på stader der det openbert ikkje kan føre til brann. Følg med på lokale forhold. Vis omsyn til naturen når du finn ved.

**Jakt og fiske** er tillatt i nasjonalparken som i fjellområde elles dersom du har jakt-/ fiskekort. Det er ikkje lov å nytte levande fisk som agn. Du må heller ikkje

ta med levande fisk eller vått fiskeutstyr frå eit vassdrag til eit anna.

**Hunden er velkommen med på tur.** Mellom 1. april og 20. august skal alle hundar haldast i band. Følg med på lokale forskrifter. Ta omsyn til vilt, beitedyr og menneske året rundt.

**Framkomstmiddel med motor** er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken.

**Vêret i fjellet** kan skifte brått både sommar og vinter. Sommaren kan by på varme og blå himmel eller låge temperaturar og tjukk skodde. Vinterturar kan gje deg sol og lang sikt eller kalde vindar og tett snødrev. Du må sjølv vurdere vêr og føre, form og ferdigheiter og førebu deg med eigna klede og utstyr. Å ferdast i fjellet kan vera krevjande. Å vere på tur med ein førar gjev tryggleik og nyttige tips.

**God planlegging gjev ei god turoppleving!**

# Fakta & informasjon

Jostedalsbreen nasjonalpark blei oppretta i 1991 og er 1314 km<sup>2</sup>.

	<b>Kvar ligg Jostedalsbreen?</b>	Sogndal, Luster, Sunnfjord, Gloppen og Stryn kommunar i Vestland fylke.
	<b>Korleis kjem eg meg dit?</b>	Buss: Frå Bergen, frå Flåm, frå Oslo via Sognefjellet, frå Trondheim via Strynefjellet
	<b>Nasjonal turistveg</b>	Fv 55 Sognefjellet RV 15 Gamle Strynefjellsvegen Fv 13 Gaularfjellet
	<b>Besøksenter nasjonalpark</b>	Breheimsenteret, Jostedal Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Oppstryn Norsk Bremuseum, Fjærland
	<b>Planlegg turen</b>	<i>ut.no</i> <i>jostedalsbreen.no</i>
	<b>Verneområde i nærleiken</b>	Nigardsbreen naturreservat Breheimen nasjonalpark Jotunheimen nasjonalpark Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
	<b>Forvalting og oppsyn</b>	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre <i>nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen</i> Statens naturoppsyn <i>natur oppsyn.no</i>
	<b>Turistinformasjon</b>	<i>jostedalsbreen.no</i> <i>jostedal.com</i> <i>bre.museum.no</i> <i>visitjostedalsbreen.no</i> <i>fjordnorway.com/no/destinasjoner</i>
	<b>Mer informasjon</b>	<i>norgesnasjonalparker.no</i>



## Jostedalsbreen nasjonalpark

# Kartinformasjon

### Velkomen inn i naturen

Dette er eit kart utvikla for merkevara Noregs nasjonalparkar. Alle norske verneområde, uavhengig av vernekategori, er ein del av denne merkevara. Desse karta er utvikla ut frå kjennskap om korleis verneområdet

vert brukt og kva område som er sårbare for besøk – grunnlaget for besøksforvaltninga. Dette kartet er ikkje eit turkart, men gjev deg ei oversikt over tilboda i det aktuelle verneområdet og området rundt.



### Besøkscenter nasjonalpark

Nasjonalparken har heile tre autoriserte besøkscenter der du kan sjå, oppleve og lære meir om natur, klima og lokalsamfunn. Besøkscentera har lærerike utstillingar og du kan få gode råd og naturrettleiing hjå dei dyktige folka som jobbar der. På besøkscentera kan du ete godt, og ta deg ein tur i butikkane der du finn turkart, fjellbøker for store og små, lokalt handverk og suvenirar.

Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten i Fjærland er eit interaktivt museum for heile familien, som gir deg kunnskap om brear og klima på ein ny og spennande måte, med mellom anna film i storformat og uteaktivitetar for barn.

Breheimsenteret i Jostedal er det naturlege utgangspunktet for opplevingar som brevandring og kajakk i Jostedal, og er også autorisert besøkscenter for Breheimen nasjonalpark. På Breheimsenteret er det òg turinformasjon, matservring og bestilling av breturar og andre opplevingar i Jostedal.

Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Oppstryn formidlar om naturfarar, kulturminne og historia om folket i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark. Her finst mellom anna steinpark, og botanisk hage, og du kan lære meir om ras og snøskred.



### Overnatting og servering

Kring Jostedalsbreen nasjonalpark er det godt tilrettelagt med mange moglegheiter for overnatting og gode måltid. Det finst mange campingplassar og hotell rundt heile breen, og eit breitt spekter av matservingsmoglegheiter.



### Brevandring

For oversikt over årets tilbod om guida turar på breen, sjekk ut QR-koden.



Informasjon



Parkering



Parkering vinter



Båtforbindelse



Gondolbane



Attraksjon



Fugleobservasjonsbygg



Overnatting



Turisthytte betjent



Turisthytte sjølvbetjent



Turisthytte ubetjent overnatting



Serveringsstad



Enkel servering



Tilgjengelig tursti



Brevandring



Tursti fottur



Nasjonale turistveger

